



Bergen og Hordaland Turlag
Verrgt. 4-6
5017 Bergen
Johnny Bjørge

Referanser:
Dykker:
Vår: 20/321 - 23/1819

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
28.06.2023

Løyve til helikoptertransport - Norddalen turisthytte – Bergen og Hordaland Turlag

Administrativt vedtak. Saknr: 009/2023

Vedtak

Med heimel i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §6 gjev Modalen kommune med dette Bergen og Hordaland Turlag løyve til landing og start med helikopter frå Stølsvatnet/ Norddalen turisthytte i samband med naudsynt levering av materiell og personell.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet skal bringast med under oppdraget og kunne visast fram ved kontroll.
- Det skal først logg for løfta. Loggen skal innehalde dato for flyging, tal turar og tid på døgnet.
- Landing/ start skal gjennomførast i perioden 28.06.2023 – 30.11.2023.
- Tall hiv vert minimert.

Det skal takast særskild omsyn til villrein, naturverdiar, beitedyr, friluftsliv og liknande ved flying og start/ landing.

Grunngjeving for løyve går fram av saksutgreiing og vurdering.

Saksutgreiing:


Bergen og Hordaland turlag søker i brev dagsett 25.05.2023 om løyve til helikoptertransport. Det er søkt om helikoptertransport av materiell og personell til gjenoppbygging av utedo/ lager ved Norddalen turisthytte. utedo/ lager er tatt av skred i vinter og må gjenoppbyggast så snart som mogleg. Hytten er no stengt for gjester.

Bergen og Hordaland turlag jobbar på at få opp en midlertidig løysing og heretter bruke sommar/ haust på tilbakeføre hytten til permanent tilstand.

Utflyging blir frå Stølsdammen til Norddalshytten perioden 1 juni - 30 november 2023.

Tall hiv er ukjent og avhengig av restaureringsomfanga på hytten men vert minimert så mye som mogleg.

Kart med fly trasse er vedlagt.



Vurdering:

Motorferdsel i utmark er regulert av lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Lova har som føremål å regulere motorferdsel ut frå ei samfunnsmessig heilheit med sikte på verne om naturmiljøet og fremje trivselen, jf. § 1. Etter lovas § 2 er helikopter omfatta av lova. § 2 i lova gjeld kva som kan definerast som utmark, ein skal nytta same definisjon som i friluftslova § 1 første ledd. Med utmark er meint udyrka mark som ikkje vert rekna som innmark. Arealet i denne saka er utmarksareal. Etter § 3 er motorferdsel i utmark og vassdrag ikkje tillate med mindre anna føl av lova eller vedtak med heimel i lova.

Ei landing med helikopter blir ikkje omfatta §§ 4 og 4a som definerer lovleg motorferdsel i utmark, og er difor søknadspliktig. Landing er og henting og bringing av passasjerar og gods, sjølv om landing i eigentleg forstand ikkje skjer. Det opnast for løyver etter søknad i lovas § 6. Paragrafen opnar for at når særlege grunnar føreligg kan kommunen gi løyve til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikkje kan finna stad med heimel i lov eller forskrift. Høve til å gi dispensasjon må praktiserast i lys av lova sitt føremål om å redusere motorferdsela til eit minimum.

Administrasjonen meiner at det i denne saka vil vere snakk om ein særleg grunn som opnar for bruk av lovas § 6.

Administrasjonen viser til Rundskriv T-1/96 Om lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82, kapittel 8.5 tillatelse til bruk av motorfartøy og luftfartøy. Der står det:
«Ved vurdering av om "særlege grunner" foreligger, vil det være av betydning om motorferdselen er nødvendig og har et nytteformål.»

Dersom krav til særlege grunnar er oppfylt, må det gjerast ei samla vurdering av saka mot lova sitt føremål, jf. rundskriv T-1/96. Administrasjonen meiner det ligg føre særlege grunnar i saka fordi det er eit nytig føremål og er naudsynt. Terrenget er utfordrande og transport er særstakt tungvint og tidskrevjande utan helikoptertransport. Alle turisthytter og dagsturhytta er særstakt populært i Modalen kommune og ein viktig bidragsyta til god folkehelse og trivnad. Det er store samfunnsinteresser i at arbeidet vert utført.

Søknaden skal vurderast etter Naturmangfaldslova NML §§ 8-12 jf. § 7 i naturmangfaldlova. Kommunen har gjort søk i Artsdatabanken og naturbase, og det er ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av tiltaket. Kommunen meiner at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg og at tiltaket ikkje kjem i konflikt med dei omsyna som naturmangfaldslova §§ 8-12 skal ta vare på.

Administrasjonen kan ikkje sjå at transporten kjem i konflikt med naturverdiar i området. Sjølve gjennomføringa vil medføre noko støy, men administrasjonen viser til at det vil vere i ein svært avgrensa periode og difor ikkje medføra unødig uroing. Administrasjonen oppfordrar til at naboar vert varsle og transporten er avklart med dei som har beitedyr i området.

Fly trassen er i leveområda for villrein men utan for kalvingsområde for villrein. Eit løyve der gjelder i ein lengre periode og med ukjent tall hiv er ikkje optimal.

Dette løyve gjeldt dispensasjon frå motorferdselslova. I tillegg må sokjar ha løyve frå grunneigar.

Lovheimel:

LOV 1977-06-10-82 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.
LOV 2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfald.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæsst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr: 23/1819

Med helsing

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar, viltforvalter

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bergen og Hordaland Turlag